

Luster kommune

► Reguleringsplan Fonndøla-Hausamoen

Planomtale med konsekvensutgreiing

Planid:

Oppdragsnr.: 52104565 Dokumentnr.: 001 Versjon: J03 Dato: 2022-12-01



Oppdragsgjevar: Luster kommune
Oppdragsgjevars kontaktperson: Knut Vidar Svanheld
Rådgjevar Norconsult AS,
Oppdragsleiar: Cornelis Erstad
Fagansvarleg: Cornelis Erstad
Andre nøkkelpersonar: Trond Sekse, Marte Elverum

J03	2022-12-01	For bruk	CorErs		
C02	2022-10-26	For gjennomgang hjå oppdragsgjevar	CorErs		
A01	2022-10-25	For intern bruk	CorErs	JoHM	CorErs
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Samandrag

Norconsult AS har på oppdrag frå Luster kommune utarbeidd reguleringsplan for Fonndøla-Hausamoen i Jostedalen i Luster kommune. Planen er utarbeidd som ein områdereguleringsplan i samsvar med § 12-2 i plan- og bygningslova og er ein offentleg plan.

Bakgrunnen for planarbeidet er interesse og potensiale for å etablere kraftkrevjande industri tilknytt straumknutepunktet på Hausamoen.

Planframlegget omfattar delvis areal som er avsett til LNF i gjeldande arealdel til kommuneplanen. Det er som følgje av dette vurdert at planarbeidet utløyser krav til konsekvensutgreiing. Utgreiingane i konsekvensutgreiinga byggjer vidare på fastsette tema i planprogram utarbeidd av Luster kommune og fastsett 28.01.2021. Konsekvensutgreiinga som følgjer planen er gjort på eit overordna nivå og følgjer metodikk til kommuneplanen i Luster. Funna i konsekvensutgreiinga er følgd opp i planomtale og føresegner.

Planframlegget er på om lag 333 daa og av dette er om lag 230 daa regulert til bebyggelse og anleggsføre mål. Dette inkluderer areal for etablering av industri og masseuttak og anna næring/industrieføre mål.

Gjennom planframlegget er det vurdert både verknadar og alternativ til det endelege planframlegget. Det er ikkje avdekka vesentlege konflikhtar knytt til kulturminne, naturmangfald, støy, folkehelse, m.m.

Med omsyn til risiko og sårbarheit har ROS-analysen identifisert at planområdet framstår generelt, med dei tiltaka som er skildra og føresett følgd, som svært sårbart. Dette skuldast at planområdet er utsett for mange ulike farar og det føreset svært god oppfølging vidare. Identifiserte sårbarheits- og risikoreduserande tiltak i analysen er innarbeida i planframlegget.

Planen femnar om:

- Reguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-2 i plan- og bygningslova.
- Planomtale som klargjer mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknadar i forhold til miljø, samfunn og røyrde partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova. Resultata/funna i ROS-analysen er summert opp i kapittel 6.18 i omtala, og har gjeve føringar for utforminga av planframlegget.

Plankartet er utarbeidd i Focus Arealplan/AutoCad 2018, og kan eksporterast til SOSI-nivå 4.5, teikn.nr. 52104565-001. Planomtalen og føresegner er utarbeidd i Word.

► Innhald

1	Innleiing	6
1.1	Lokalisering og avgrensing av planområdet	6
1.2	Føremålet med planarbeidet og dagens situasjon	6
1.3	Planprosess	7
1.4	Områderegulering	7
1.5	Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing	7
1.6	Samanstilling av gjeldande og nye planføremål	7
2	Planar og føringar for planarbeidet	8
2.1	Nasjonale forventningar og regionale føringar	8
2.2	Kommuneplan for Luster kommune	9
2.3	Eksisterande og tilgrensande reguleringsplanar	9
2.4	Andre godkjente planar i området	10
3	Planområdet – Eksisterande situasjon	11
3.1	Planområdet og dagens situasjon	11
3.2	Naturtilhøve	11
3.3	Landskap	13
3.4	Friluftsliv og rekreasjon	13
3.5	Kulturminne og kulturmiljø	13
3.6	Trafikk	13
3.7	Naturressursar	14
3.8	Born og unge sine interesse	15
3.9	Universell utforming	15
4	Konsekvensutgreiing	16
5	Planframlegget	17
5.1	Bygg og anlegg	17
5.2	Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	18
5.3	Landbruk-, natur- og friluftsliv (L)	19
5.4	Bruk- og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)	19
5.5	Omsynssoner	19
5.6	Byggjegranser	20
6	Verknader av planframlegget	21
6.1	Endra arealbruk	21
6.2	Landskap og arkitektur	21
6.3	Friluftsliv	21
6.4	Naturmangfald	21
6.5	Vassmiljø	22

6.6	Kulturmiljø	22
6.7	Trafikale tilhøve	22
6.8	Teknisk infrastruktur og overvatn	22
6.9	Renovasjon	23
6.10	Ureining	23
6.11	Born og unge sine interesse	24
6.12	Universell utforming	24
6.13	Økonomiske konsekvensar	24
6.14	Eigedomsstruktur	24
6.15	Lokale mål	24
6.16	Kommunale arealplanar	24
6.17	Berekraft	24
6.18	Risiko og sårbarheit	25
6.19	Krav til tryggleik i plan- og bygningslova	26
6.20	Naturmangfaldslova	26
Vedlegg A: Merknader til varsel om oppstart av planarbeidet		27


1 Innleiing

1.1 Lokalisering og avgrensing av planområdet

Planområdet er på om lag 300 daa og er lokalisert om lag 4 km nord for Gaupne, langs fylkesveg 604 Jostedalsvegen. I aust er planområdet avgrensa av Jostedøla, og i aust er planområdet avgrensa av fjell. Elvene Langedøla og Fonndøla kjem ned sentralt i området, og renn vidare ut i Jostedøla.

Planområdet femnar om heilt eller delvis om følgjande g/bnr.:

88/2	88/5	88/7	88/7/1	88/30	88/140	88/141	88/145
------	------	------	--------	-------	--------	--------	--------



Figur 1 Plankart

1.2 Føremålet med planarbeidet og dagens situasjon

Bakgrunnen for planarbeidet er at Luster kommune har vorte kontakta av investorar som har synt interesse for å etablere eit datalagringscenter på Reiarimoen / Hausamoen. Området er eit knutepunkt for straumforsyning og gjev sikker tilgang på rein energi med god kapasitet. Samstundes held Statnett på med utviding av høgspenningsanlegget og omplassering av transformatorstasjonen. Knytt til dette er Hausamoen nytta som massedeponi. Dette gjev ei nesten byggjeklar næringstomt som kan nyttast utan å gå laus på

jomfrueleg mark. Den skjerma lokaliseringa langt frå busetnad, gjer også området eigna til energi- og støykrevjande verksemd.

I området ligg det i dag ein større transformatorstasjon, i tillegg til massetaket på Reiarmoen og serverparken «Bluefjords». Resterande delar av planområdet er i dag ubyggt og avsett til LNF-område i gjeldande arealdel til kommuneplanen. Berre mindre delar av området er i bruk som landbruksområde.

1.3 Planprosess

Luster kommune har sjølv utarbeidd planprogram og varsla oppstart av planarbeid. Norconsult AS vart i etterkant av denne prosessen engasjert til å utarbeide planframlegg med konsekvensutgreiing.

Oppstart av planarbeid med planprogram var handsama og vedteke sendt til høyring i plan- og forvaltingsutvalet i kommunen 12. november 2020. Merknadsfrist var sett til 11.01.2021. Det er motteke 6 innspel til varsel om oppstart av planarbeidet. Desse er summert og vurdert i vedlegg A.

1.4 Områderegulering

Varsel om oppstart av planarbeidet vart gjort i samsvar med pbl § 12-3 Detaljregulering. Gjennom planprosessen har det synt seg at det for delar av planområdet korkje er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag eller konkrete tiltak til å oppnå naudsynt grad av detaljering. Det er difor valt å utforme plandokumenta i samsvar med pbl § 12-2 Områderegulering. Samstundes er det for fleire av utbyggingsføremåla både tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag og konkrete / ønskja tiltak, slik at ein gjennom plandokumenta har opna for å gå direkte til byggesak.

1.5 Vurdering etter forskrift om konsekvensutgreiing

I samband med oppstart av planarbeid har Luster kommune gjort ei vurdering av om planarbeidet fell inn under kriteria som utløyser krav om konsekvensutgreiing jf. forskrift om konsekvensutgreiingar. Luster kommune har lagt til grunn at planen kan ende opp med vedtak om tiltak og endringar av føremål som kan få konsekvensar for samfunn og miljø. Det er vurdert at nye tiltak i planen fell under vedlegg 1 og må konsekvensutgreiast og ha planprogram jf. § 6.

1.6 Samanstilling av gjeldande og nye planføremål

Hovudføremål	Føremål	Tidlegare føremål	Areal (daa)
Bygningar og anlegg	Steinbrot og masseuttak (BSM)	Masseuttak og LNF	73,1
	Næringsbygg (BN)	LNF	29,1
	Industri (BI)	Industri og LNF	67,8
	Energianlegg (BE)	Næring og masseuttak	57
	Vass- og avlaupsanlegg (BVA)	Tilsvarande	1,3
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg (SKV)	Tilsvarande	8,5
	Annan veggrunn – grøntareal (SVG)		11
	Parkering (SPA)		3,4
Landbruks-, natur- og friluftsmål	LNFR areal (L)	Tilsvarande	55,7
Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)	Tilsvarande	26,5
Totalt			333,4

2 Planar og føringar for planarbeidet

Det er gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå i tillegg til dei konkrete føringane som kommunen har trekt opp for planarbeidet. Det overordna lokale plangrunnlaget er:

- Kommuneplan 2017-2028 – Samfunnsdel
- Kommuneplan 2019-2030 – Arealdel
- Kommunal planstrategi 2020-2023

2.1 Nasjonale forventningar og regionale føringar

Det vert forventa at regionar og kommunar legg til rette for berekraftig planlegging som sørger som gode levekår og tilstrekkeleg bustadbygging, i tillegg til utbygging av arbeidsplassar, samt at det vert lagt vekt på økt verdiskaping og innovasjon og vekst i nye og grøne næringar.

2.1.1 Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafiksikkerheit og effektiv trafikkavvikling. Planlegginga skal bidra til å utvikle berekraftige byar og tettstader, leggje til rette for verdiskaping og næringsutvikling, samt fremje helse, miljø og livskvalitet.

2.1.2 Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing

Kommunane, fylkeskommunane og staten skal gjennom planlegging og øvrig mynde- og verksemdsutøving stimulere til, og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt auka miljøvenleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet vert førebudd på og tilpassa klimaendringane.

2.1.3 Regional plan for innovasjon og næringsutvikling


Vestland fylke har som hovudmål at fylket skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Klimaomstilling er sentralt i planen.

2.1.4 Vassforvaltingsplan for Vestland vassregion

Det er utarbeidd planprogram for ny vassforvaltingsplan som skal erstatte gjeldande plan for 2016-2021. Hovudmålet med planen er å betre vassmiljøet der det er dårleg og å verne om vassmiljøet slik at det ikkje vert dårlegare. I gjeldande plan er det sett miljømål for Jostedøla at fiskebestanden skal styrkast. Målet har høg prioritet.

2.2 Kommuneplan for Luster kommune


I kommuneplan for Luster kommune frå 2019 er området avsett til LNF, næringsverksemd og råstoffutvinning. Planområdet er omfatta av omsynssoner for støy (frå masseuttak), samt fare for eksplosjon og brann frå sprengstofflager.



Figur 2 Oversikt over gjeldande kommuneplanstatus (kjelde: kommunekart.com)

2.3 Eksisterande og tilgrensande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplan er plan for Jostedalen serverpark og Reiarmoen massetak, arealplan-ID 2012002, vedteken 27.09.2012.



Figur 3 Oversikt over gjeldande reguleringsplanar i området (kjelde: kommunekart.com)

2.4 Andre godkjente planar i området

Eksisterande transformatorstasjon skal erstattast, og NVE har godkjent plan for etablering av ny Leirdøla transformatorstasjon innanfor område som er avsett til råstoffutvinning i gjeldande plan. Transformatorstasjonen er under oppføring.

3 Planområdet – Eksisterande situasjon

3.1 Planområdet og dagens situasjon


Planområdet er lokalisert i Jostedalen, nokre kilometer nord for kommunesenteret Gaupne. Området ligg på ei flate langs Jostedøla, og er omgjeve av bratte fjellsider. Området ber preg av kraftutbygginga i Leirdøla, ved at det er lokalisert transformatorstasjon og kraftleidningar tilknytt anlegget. Det er under oppføring ein ny transformatorstasjon. I området er det store grus og sandførekomst, og det er difor etablert eit større massetak her. Nord for massetaket ligg datasenteret «Bluefjords». Nord og sør i planområde er det LNF-areal. Området består for det meste av blanda skog, med innslag av jordbruksareal.



Figur 4 Oversiktsfoto i retning masseuttaket på Reiarmoen, sett frå sør (Kjelde: Statens Vegvesen)

3.2 Naturtilhøve

Området er dominert av skog beståande av ei blanding av lauv- og barskog. Det er ikkje registrerte naturverdiar i planområdet, men tilgrensande planområdet ligg naturtypelokalitet Langdølgilet, nedre. Lokaliteten omfattar eit lauvskogområde med element av både gamal ospesuksesjon, gråor-heggeskog og rik edellauvskog (lind-hasselskog). Rik edellauvskog er avgrensa til eit smalt fel på lausmasser i austvendt skråning nedst mot bekken heilt i sør.




Figur 5 Naturtypelokalitet Langedølgilet, nedre (kjelde: naturbase.no)

Innanfor lokaliteten er det registreringar av olivenfiltlav, som er registrert nær trua i norsk raudliste. Olivenfiltlav veks i eldre og kulturpåverka lauvskogar, eldre lauvrike barskogar og i bekkekløfter og kulturlandskap. Den er knytt til eldre lauvtre og mosekledd bergveggar i område med høg luftfuktigheit. Olivenfiltlav er vurdert nær truga grunna liten populasjonsstørrelse og pågåande nedgang, og den er truga av tap av habitat og substrat som følgje av hogst og beite frå hjort.

Av framande artar er det registrert dagfiol ved Fonndøla.

3.2.1 Geologi

Hovudtypane berggrunn i området er granitt i området sør for Reiarmoen. Frå Hausamoen og nordover er det diorittisk gneis som dominerer.



Figur 6 Berggrunnskart over området (Kjelde: NGU)

3.3 Landskap

Landskapstypen i området er «nedskåret dallandskap under skoggrensen med innsjø». Landskapstypen omfattar dallandskap der dalformen er smal og djupt nedskåret frå omkringliggjande åsar, fjell og etterslettelandskap.

Dallandskapet har vorte forma av breene som låg her, og elveslettene kor planområdet er lokalisert, er omgjeve av bratte fjellsider. Dalføret tek her ein krapp sving, noko som ytterlegare forsterkar det lukka preget.

3.4 Friluftsliv og rekreasjon

Det er ikkje opplysningar om at området er i særleg bruk til friluftsliv og rekreasjon. Det er heller ikkje registrert turmål med utgangspunkt i planområdet. Rundt Jostedøla generelt er det noko sportsfiske.

3.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området. Området har vore gjennom stor transformasjon dei siste åra, og det er lite spor etter tidlegare bruk av området.

3.6 Trafikk


Fylkesveg 604 Jostedalsvegen går tvers gjennom planområdet og fungerer som hovudtilkomst. Det var i 2020 lagt til grunn ein ÅDT på 460, med ein andel lange køyretøy på 10 %. Det er ein del tungtrafikk tilknytt massetaket i dag. Det er elles ikkje noko trafikk av betydning generert frå verksemdene i planområdet, og det er for det meste gjennomgangstrafikk i området. Ein del av trafikken på Jostedalsvegen er turistbasert, og særleg gjeld dette i høgsesong på sommaren.

3.7 Naturressursar

3.7.1 Grusførekomstar

Innanfor planområdet er det to grusførekomstar som er registrerte i grusdatabasen til NGU. Lokaliteten på Reiarmoen omfattar allereie etablert massetak og har eit volum på i overkant 900 000 m³. Lokaliteten var i kommunedelplan for mineralske råstoff (2012) vurdert til å vere den neste viktigaste og nest største førekomsten av grus og sand i kommunen.

Litt lenger nordaust, på Hausamoen, er det registrert sand og grusførekomst med lokal betydning. Volumet er berekna til om lag 680 000 m³. Det er gjort ein nærmare vurdering av drivverdigheit og verdivurdering av førekomsten i samband med planarbeidet. Dersom det skal drivast ut massar frå dagens nivå, ned til vegnivå, vil investeringskostnadar nær utlikne potensiell verdi av massane.



Figur 7 Kart som syner grusressursar i området (Kjelde: NGU)

3.7.2 Landbruk

Området er i lite bruk til landbruk i dag, med unntak av område dyrka mark på Reiarmoen. Det er elles registrerte kjerneområde for skogbruk, som areal eigna for kulturskog, i større delar av planområdet.

Hausamoen er registrert med skog av særskilt høg bonitet og potensiale for dyrkbar mark. Her er det meste av skog og jordsmonn teke av i samband med anleggsverksemd for ny Leirdøla transformatorstasjon.

3.8 Born og unge sine interesse

Det ligg ikkje føre opplysningar om at det er knytt vesentlege interesser til området for born og unge.

3.9 Universell utforming

Området er for det meste lite tilrettelagt i dag. Området ligg på ei flate i dalbotn og tilhøva ligg til rette for at delområda kan opparbeidast med omsyn til universell utforming.

4 Konsekvensutgreiing

Grunna utstrekkinga til planområdet og få konkrete planar for utvikling, er det i samråd med Luster kommune, valt ein overordna metodikk for konsekvensutgreiing. Denne tek utgangspunkt i metodikken som vart nytta ved utarbeiding av arealdel til kommuneplanen for Luster kommune 2019 – 2030.

Konsekvensutgreiinga skildrar verknadene for einskildområde og av dei samla arealbruksendringane i planframlegget. Dei konkrete funna frå ROS-analysen er også innarbeida i konsekvensutgreiinga og lagt til grunn for den samla vurderinga av arealbruksendringa. Heile konsekvensutgreiinga går fram av eige vedlegg til planen.

Konsekvensutgreiinga syner at alle registrerte verdiar er vurdert som lokale. For dei 3 delområda er det vurdert at den samla arealbruksendringa for dei aktuelle områda vil ha ein liten til middels negativ konsekvens for miljøtema. For samfunnstemaet er det vurdert at den samla arealbruksendringa vil ha ein liten positiv konsekvens.

Konsekvensutgreiinga syner at det er små konsekvensar knytt til ny arealbruk for dei 3 delområda. Årsaka til dette er i stor grad knytt til at vesentlege delar av områda allereie er sterkt prega av menneskeleg aktivitet, noko som gjer til at dei lokale verdiane stadvis allereie er forringa. Lokaliseringa av området, langt frå mellom anna busetnad og friluftsområde, gjer til at ev. konsekvens for andre interesser også er sterkt avgrensa.

Med bakgrunn i konsekvensutgreiinga er det identifisert nokre strategiar / tiltak for framtidig arealbruk. Desse skal avgrense / motverke dei identifiserte negative konsekvensane. Følgjande strategiar / tiltak vert lagt til grunn i planframlegget:

- Før opparbeiding av nye tiltak, skal ev. drivverdig skog verte teke ut for vidare foredling
- Potensiell fare / omfang for all ureining knytt til opparbeiding og drift av nye tiltak skal vere identifisert, og det skal vere utarbeida naudsynte avbøtande tiltak før det vert gjeve løyve. Det skal takast særskild omsyn til grunnvatn og vassdrag.
- Ved prosjektering og opparbeiding av nye tiltak, skal det takast omsyn til ivaretaking av kantvegetasjonen langs vassdrag.

5 Planframlegget

5.1 Bygg og anlegg

5.1.1 BSM – Steinbrot og masseuttak

5.1.1.1 BSM1

Området omfattar ein større lausmasseterrasse heilt nord i området. Terrassen ligg om lag 40 meter over området i sør, og består truleg av grus og sand, som elles i området. Det er ikkje gjort berekningar av kor store massar som kan takast ut i området. Det må gjerast innleiande undersøkingar før det kan etablerast massetak i området, og planleggast ut i frå minst mogleg belastning for omgjevnadane med omsyn til støy, støv og avrenning/ureining.

5.1.1.2 BSM2

Massetaket på Reiarmoen er vidareført frå gjeldande reguleringsplan. Grensene mellom føremåla er justert noko, då delar av det opphavelige massetaket no er areal for energianlegg. Etterbruk av massetaket er industri.

5.1.2 BN – Næringsbygningar

5.1.2.1 BN1 og BN2

Felta er del av planarbeidet som ein konsekvens av ønskje frå grunneigar, samt at det allereie er gjennomført mykje grunnarbeid på delar av areala, som følgje av utbygginga til Statnett. Det ligg ikkje føre konkrete initiativ eller utbyggingsplanar for dei aktuelle felta og det er krav om detaljreguleringsplan før tiltak, m.a. for å klargjere grunntilhøva innanfor felta.

5.1.3 BI – Industri

5.1.3.1 BI1

Vidarefører tidlegare regulert serverpark. Området har tidlegare vore nytta til massetak og landbruk, og i dag er datasenteret Bluefjords lokalisert her. Det er høve til å utvide datasenteret og er tenkt ei etappevis utbygging i retning massetaket, etter kvart som det vert teke ut massar. Det er lagt opp til støyvoll mellom serverparken og massetaket for å unngå støy og støv, og i øvre del av området skal det byggast rasvoll for å sikra mot snøskred og steinsprang.

Utnyttingsgrada for området er sett til BYA = 70 % inkludert parkering. På grunn av plasseringa inn mot EL-anlegg ligg det ein del føringar på området, spesielt på byggegrensar og høgder på bygg.

5.1.3.2 BI2

Er framtidig nytt næringsområde. Området er ikkje utbygd i dag, men er mellombels nytta til anlegg- og riggområde i samband med utbygging av ny transformatorstasjon på Reiarmoen.

Det ligg ikkje føre konkrete utbyggingsplanar for området, men det kan vere aktuelt å nytte området til energikrevjande verksemd, tilsvarande felt BI1. Dette er aktuelt grunna nærleik til transformatorstasjonar.

Kor stor del av området som kan byggjast ut er styrt ut av omsyn til ras-/skredfare. Eit eventuelt tiltak i tryggleiksklasse S3 vil måtte plasserast i denne delen, og resterande delar av tomta kan eventuelt etablerast med S1 og S2 tiltak.

5.1.4 BE – Energianlegg

5.1.4.1 Nye Leirdøla transformatorstasjon (BE1)

Det har vore konsesjonshandsama og godkjend etablering av ny transformatorstasjon innanfor BE1. Denne vert regulert i samsvar med konsesjon.

5.1.4.2 Gamle Leirdøla transformatorstasjon (BE2)

Den opphavelige transformatorstasjonen på Reiarmoen har gjennomgått eit eigarskifte, og det er føresett vidare drift av denne. Transformatorstasjon vert regulert i samsvar med konsesjon.

5.1.5 BVA – Vass- og avlaupsanlegg

Det er i tidlegare plan for Jostedalen serverpark og Reiarmoen massetak, føresett ei mogleg etablering av pumpeanlegg for uttak av kjølevatn frå Jostedøla. Dette er vidareført i planframlegget. Uttak av kjølevatn kan vere aktuelt også for dei nye næring/industri-felta, og det bør difor søkast ein sambruk av eventuelt anlegg.

Det ligg ikkje føre konkrete planar om energikrevjande industri som føreset kjølevatn. Eventuell bruk av kjølevatn frå elv, etterbruk av overskotsvarme og konsekvensar av utslepp knytt til dette er vurdert til å vere tema i ev. seinare konsesjonshandsaming for aktuelle anlegg.


5.2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

5.2.1 SKV - Tilkomst

Planområdet knyt seg til eksisterande fylkesveg 604 Jostedalsvegen. Sjølv hovudvegen regulerast som eksisterande, med noko varierende bredde. Det er noko usikkert tidsperspektiv i høve når dei ulike delfelta vert opparbeidd og teke i bruk. Det er difor lagt opp til eigen avkøyning til kvart enkelt delfelt. I samband med detaljprosjektering kan det gjerast mindre justeringar i plassering av avkøyningar, gitt at vegnormer er ivareteke.

Avkøyringane SKV2 og SKV3 er utforma i samsvar med dagens avkøyningar med R=12. Avkøyning SKV4 er prosjektert med R=20 (VS) og R=18 (HS).

Det er fleire landbruksavkøyningar i området som er føresett vidareført inntil området får ein endra arealbruk.



Figur 8 Normalprofil for o_SKV1 (Jostedalsvegen)

5.2.2 SVG – Annan veggrunn – grøntareal

Arealet omfatter grøfteareal og tilgrensande areal for vegane i planen. Arealet skal settast i stand og eventuelt tilplantast på ein tiltalende måte. Det må takast omsyn til siktilhøva ved eventuell tilplanting.

5.2.3 SPA – Parkering

Det vert lagt opp til å vidareføre parkeringsareal frå gjeldande reguleringsplan

5.3 Landbruk-, natur- og friluftsliv (L)

Det er lagt til rette for at områda som i dag har drift kan nyttast til landbruk fram til områda er utbygd. I tillegg er det lagt inn eksisterande landbruksareal opp mot fjellet, og ned mot Jostedøla.

5.4 Bruk- og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)

Føremålet omfatter elveløpa til Jostedøla, Langedøla og Fonndøla. I vassdraga er det ikkje tillate å gjera inngrep, men det kan gjerast tiltak for å betre vandringstilhøva for fisken. Det er også opna for at det kan etablerast inntaksarrangement i elva ved eventuell etablering av kjølevassuttak. Dette er vidareført i samsvar med tidlegare gjeldande reguleringsplan.

5.5 Omsynssoner

Ved sida av arealbruksformål er det i planen sett av omsynssoner. Desse synleggjer omsyn som må takast i den vidare detaljprosjekteringa, samt i samband med utbygging og bruk av areal.

Dimensjonering, nøyaktig plassering og opparbeiding av tryggingstiltak før det kan gjevast bruksløyve, er trygga i plankart og som rekkjefølgjekrav.

5.5.1 Frisikt

Det er sett av frisiktsoner til alle offentlege vegareal. I samsvar med N100 Krav 4.7.2 SKAL og V121 3.13 er siktkrav dimensjonert til å vere 6x105 m.

5.5.2 Støysoner

Omsynssone støy er sett av i samsvar med den konservative/overordna støykartlegginga til Statens vegvesen. Det vert lagt til grunn at nye tiltak skal prosjekterast for å tilfredsstille krav til innandørs lydtilhøve i samsvar med NS 8175:2012.

5.5.3 Erosjon

Vurdering av erosjon frå Skred AS, dagsett 28.06.2021, konkluderer med at erosjonssikkerheiten til Jostedøla og Langedøla er tilstrekkeleg etter krava i TEK17. For Fonndøla vil det ved flaum vere stor fare for erosjon og utgraving, då det allereie er teikn på utvasking av finstoff. Dei anbefalar at dette bør utbetrast for å sikre eksisterande infrastruktur. Generelt for alle dei tre vassdraga vil det vere naudsynt med jamleg tilsyn og utbetring av erosjonssikring ved eventuelle skadar eller begynnande erosjon, for å sikre at tilstrekkeleg tryggleik vert oppretthalde over tid.

Nye bygg må leggst utanfor tryggleikssona mot erosjon.

5.5.4 Skredfare

Skredfarevurdering frå Skred AS, dagsett 28.06.2021, konkluderer med at alle skredtypar er vurdert aktuelle. Basert på dagens tilhøve er det faresoner for skred med årleg sannsyn $\geq 1/100$, $\geq 1/1000$, $\geq 1/5000$ i delar av det vurderte området. I store delar av planområdet er det ikkje faresoner for skred.

5.5.5 Flaumfare

Flaumfarevurdering frå Skred AS, dagsett 28.06.2021, tilseier at kapasiteten for flaum med årleg sannsyn $\geq 1/200$ i år 2100 (tryggleiksklasse F2), er god nok for Langedøla og Fonndøla så lenge inntaka vert helde tilnærma fri for massar. For Langedøla vert det også tilrådd å etablere ein flaumveg langs vegen gjennom planområdet, for å handtere restrisikoen ved inntaket.

5.5.6 Brann-/eksplosjonsfare

Planområdet ligg innanfor faresone for eksplosjon og brann rundt sprengstofflageret på austsida av Jostedøla. Gjennom ROS-analysen til reguleringsplanen er det identifisert risikoreduserande tiltak som er lagt til grunn i føresegnene for faresona.

5.5.7 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar)

Planområdet inkluderer to større transformatorstasjonar og tilhøyrande høgspenningsanlegg. Innanfor omsynssona er det ikkje tillate å setje opp bygg for varig opphald.

5.6 Byggjegranser

Det er lagt til grunn fleksibilitet i høve byggjegranser. Byggjegranser mot hovudveg er sett tilsvarande eksisterande plan, og er på 15 meter.

6 Verknader av planframlegget

Føremålet med planen og tiltaka som planen legg til rette for har sett dei overordna rammene for planframlegget. Samanstilling av verknadane er gjort med utgangspunkt i lokalkjennskap, samt:

- Risiko- og sårbarheitsanalysa til planframlegget
- Konsekvensutgreiing til planframlegget
- OVA-plan til planframlegget
- Resterande tema er basert på ei samanstilling av informasjon henta frå nasjonale databasar med stadfesta informasjon samt informasjon frå kommunen og synfaring

6.1 Endra arealbruk

Delar av føreslått arealbruk er ikkje avklara i overordna plan, og dette er bakgrunnen for at det er utarbeidd konsekvensutgreiing som del av planarbeidet. Konsekvensutgreiinga og ROS-analysen viser at planområdet er ueigna for meir sårbare føremål som bustadbygging, barnehagar, offentlege institusjonar og liknande grunna faktorar som støy-, støv- og soltilhøve, nærleik til høgspenningsanlegg og naturfare. Friluftssinteressene i området er også avgrensa. Endra arealbruk frå landbruk-, natur- og friluftsliv til utbyggingsføremål vil ha konsekvensar for arealbruken ved at området får ein endra funksjon. Området kan få noko auke i trafikk jamfør dagens situasjon. Dette vil avhenge av type verksemd.

6.2 Landskap og arkitektur

Skog og Landskap har gjort ei inndeling av Noreg i landskapsregionar (NIJOS-rapport 10/2005). Denne delen av Luster kommune høyrer til region 23 Indre bygder på Vestlandet.

Karakteristisk for regionen ligg planområdet i botn av ein U-dal omkransa av høge fjell. Området er bygd opp av avsetningar, hovudsakleg frå bre-elva Jostedøla, som passerer langs søraustsida av planområdet.

Området ber i dag preg av det store masseuttaket og transformatorstasjonane. Vidare utbygging vil forsterke det industrielle preget i området. Planområdet er omgjeve av storskala landskapsformer, og ligg i eit delvis lukka landskapsrom, dette gjer at fjernverknadane vert minimale. Sjølv om tiltaka vil kunne ha negative konsekvensar for opplevinga av området, vil det kunne vegast opp av at det ikkje råkar ved verdfulle landskapsrom eller gjev skjemmande fjernverknader. Reguleringsføresegnene legg til grunn at estetikk skal omsyntakast ved utforming av nye bygg.

6.3 Friluftsliv

Det er ikkje registrerte friluftssinteresser, eller turmål i området i tilgjengelege databasar. Dette utelukkar ikkje at området, og spesielt elvelaupa, kan vere i bruk til fiske og anna friluftssaktivitet/rekreasjon. Tiltaka i planen er ikkje til hinder for fri ferdsel langs vassdraga.

6.4 Naturmangfald

Ein større del av planområdet er allereie sterkt prega av bygge- og anleggsaktivitet. I tilgjengelege databasar er det ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar innanfor planområdet, det er heller ikkje anna informasjon som tilseier at dette området har spesielle verdiar. Det er ikkje venta at planframlegget vil gje vesentlege verknader for naturmangfaldet.

6.5 Vassmiljø

I Vannportalen.no går det fram at planområdet omfattar delar av Jostedøla, nedre. Elva er registrert med dårleg økologisk tilstand. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som høgt. Potensialet for god økologisk tilstand er vurdert å ikkje vere realistisk på grunn av at vasskraft i vassdraget og at det difor vert påverka av hydrologiske endringar utan minstevassføring.

Elva er vurdert å ha god kjemisk tilstand. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som lågt.

Planområdet er også del av grunnvassførekomst for Gaupne. Førekomsten er registrert med god kvantitativ tilstand. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som lågt. Den er vidare definert med udefinert kjemisk tilstand. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som lågt.

Det er målsetnad om at førekomsten skal ha god kvantitativ og kjemisk tilstand, men det er ikkje satt dato eller definert tiltak for å nå måla.

Mogeleg påverknad på elva og/eller grunnvassførekomsten er i første rekke knytt til partikkelavrenning ved opparbeiding av næringsområdet, ev. urban avrenning frå tette flatar, ureining og partikkelavrenning knytt til t.d. smelting av brøytekantar på store parkeringsflater. Dette er tema som er fanga opp og handsama som del av OVA-rammeplanen.

Planarbeidet legg til rette for at kantsonevegetasjon skal ivaretakast. Det er lagt til rette for mogleg etablering av uttak av kjølevatn frå Jostedøla dersom det skal etablerast energikrevjande verksemd i området. Føresegnene sikrar at det må gjerast naudsynte undersøkingar før det kan omsøkast inntak og utslepp av kjølevatn. Det er elles lagt til grunn at tiltaka ikkje vil forverre miljøtilstand i nærliggjande vassdrag jf vassforskrifta § 4.

6.6 Kulturmiljø

Planframlegget har ikkje konsekvensar for registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Ved opparbeiding av området skal ein søkje å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Føresegnene sikrar at arbeidet skal stoppast dersom det under arbeid dukkar opp automatisk freda kulturminne.

6.7 Trafikale tilhøve

Det er lagt opp til eigne avkøyringar til kvart delfelt. Avkøyringane til planområdet er dimensjonert for lastebil. Området skal slik ha god tilkomst og kapasitet både for varelevering, renovasjon og uttrykingskøyretøy.

Eksisterande landbruksavkøyringar skal oppretthaldast fram til eventuell endra arealbruk.

6.8 Teknisk infrastruktur og overvatn

6.8.1 Straum

Det er etablert ein transformator med 22 kV-linje sentralt i planområdet, som vil forsyne både noverande og framtidige tiltak innanfor planområdet.

6.8.2 Vatn

Det er ikkje definert kva type aktivitet og verksemdar som vil kunne etablerast innanfor planområdet. Det er difor ikkje kjend kva vassforsyningsbehov det vil vere innanfor området. Behov for drikkevatn/sanitærvatn, sløkkevatn og ev. anna vassbehov må difor avklarast i samanheng med dei aktuelle etableringar når dette er bestemt.

Grunnvassforsyning frå bora lausmassebrønn(ar) vil kunne vere mogeleg for forsyning av drikkevatt til nye bygningar, men vil ikkje kunne forsyne større vassmengder til ev. prosessvatn og vatn til kjøling.

Om mogeleg bør ein etablere felles vassforsyningsløyising for størst mogeleg del av planområdet. Ein felles lokasjon av grunnvassanlegg krev reduserte sikringstiltak og redusert arealbehov og klausuleringsomfang samanlikna med til dømes 3-4 separate grunnvassanlegg.

6.8.3 Sløkkevatn

Det er føresett at omsynet til brannvassforsyning og tilgjenge vert ivareteke i samsvar med krav som følgjer av teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Branntryggleiken må vurderast i heilskap. Sløkkevatn frå brannkum/hydrant er eit supplerande alternativ til brannbil. Brannvassuttaket må vere plassert 25 – 50 meter unna hovudangrepsveg. Det er ikkje etablert brannkum/hydrant med slik nærleik til planområdet i dag.

6.8.4 Avlaup

Det er ikkje kommunale avlaupsanlegg i området. Det må difor etablerast private avlaupsanlegg for handtering av avlaupsvatn frå aktuell aktivitet og bygningar som vert etablerte innanfor planområdet.

Avlaupsanlegg skal etablerast i samsvar med krav i Forureiningsforskrifta, Del 4 Avløp.

Utforming, materialkrav mm skal vere i samsvar med kommunale normer og retningslinjer.

Søknad om utslepp av sanitært avlaupsvatn skal sendast til Luster kommune.

Utslepp må lokaliserast slik at det ikkje kan forårsake ureining av grunnvatn til drikkevassformål.

6.8.5 Overflatevatn

Overflatevatn skal i utgangspunktet handterast lokalt, primært med fordrøynings- og infiltrasjonsløyisingar om mogeleg. Tiltaka/planen skal difor ikkje endre avrenninga vesentleg. Omsynet er føresett dokumentert og ivareteke gjennom dei ordinære søknadsrutinane ved gjennomføring av tiltak.

6.9 Renovasjon

Det er ikkje lagt opp til felles renovasjonsløyising. Avfall frå næringsområda vil handterast på eigen grunn som næringsavfall.

6.10 Ureining

Det er føresett at nye tiltak vert prosjektert for drift innanfor gjeldande grenseverdier for utslepp av støy og støv.

6.10.1 Anleggsperioden

Tilrettelegging for den faktiske bruken av areal til industri/næring har potensial for verknadar også i anleggsperioden. Desse er hovudsakleg knytt til støv og støy og ev. lokale utslepp som følgje av hendingar i samband med arbeid på plassen.

Ved konkrete utbyggingstiltak må det også følgje med ein miljøplan som skal bidra til at potensielle negative verknadar knytt til gjennomføring av prosjektet vert førebygd eller redusert.

6.11 Born og unge sine interesse

Området er lokalisert så langt frå busetnad at det ikkje er naturleg å nytta til born og unge sin leik og opphald. Lokaliseringa av massetak og høgspenningsanlegg gjer også til at området ikkje er eigna i dag. Dei nye tiltaka vil ikkje vesentleg forverre tilhøva.

6.12 Universell utforming

Området ligg på ei flate i dalbotn og tilhøva ligg difor til rette for at delområda kan opparbeidast med omsyn til universell utforming. Krav til universell utforming må følgjast opp i samband med detaljprosjektering.

6.13 Økonomiske konsekvensar

Norconsult AS har utarbeidd planframlegget for Luster kommune, som er framleggsstillar og ansvarleg for gjennomføring av planen. Det er lagt til grunn at tiltakshavar og ev. investor(ar) tek alle kostnader ved gjennomføring av tiltaket innanfor det regulerte tiltaksområdet.

6.14 Eigedomsstruktur

Noverande eigedomsavgrensingar går fram av kap. 1.1 og er synt på plankartet. Gjennom seinare situasjonsplan/tomteplan er det lagt til grunn at det vert etablert nye eigedomsstrukturar, slik at utbyggingspotensialet i planen kan realiserast.

6.15 Lokale mål

I framlegget til ny samfunnsdel for Luster kommune er eit av satsingsområde «distriktsinnovasjon». Tilrettelegging for nye næringsområde nær Gaupne kan vere med å byggje opp under hovudmåla «sterke og attraktive lokalsamfunn» og «Luster kommune legg til rette for berekraftig utvikling og nyskaping innan næringslivet og støttar opp om dei eksisterande verksemdene. I arealstrategien til framlegget til samfunnsplan er Gaupne og Hafslo prioritert øvst når det kjem til nye næringsareal. Området ligg nokre kilometer nord for Gaupne sentrum, men ligg tett på hovudvegssystem, og plasseringa her vurderast meir eigna enn i nærleik av bustad- og sentrumsfunksjonar.

6.16 Kommunale arealplanar

I arealdel til kommuneplanen er delar av området som no er føreslått som utbyggingsområde, avsett til LNF. Tiltaka elles er i samsvar med overordna føremål.

6.17 Berekraft

Planprosessen inkluderer både konsekvensutgreiing, ROS-analyse og planomtale som samla vurderer verknadane og alternativ til det endelege planframlegget. Ved utarbeiding av dette planframlegget vart det identifisert manglande kunnskap knytt områdestabilitet for delar av planområdet. Kunnskapsgrunnlaget vart difor oppdatert gjennom geotekniske grunnundersøkingar, og resultatet er innarbeida i planframlegget. Utover dette har ikkje planarbeidet avdekka vesentlege konflikhtar knytt til kulturminne, naturmangfald, tryggleik, folkehelse, m.m.

Med omsyn til klima- og transport er det vurdert som positivt at tilrettelegging for energikrevjande verksemd vert lokalisert saman med energiknutepunkt. Vidare vil ein på Hausamoen få ein relevant etterbruk av areal som no har vore nytta til deponi og anleggsområde. Planframlegget sikrar også at tilgjengelege grusressursar vert nytta, før ein kan etablere næring / industri. Dei tiltenkte verksemdene generer få stadbunde arbeidsplassar og er heller ikkje besøksintensive. Det er slik vurdert at planframlegget ikkje vil generere transport i vesentleg grad.

6.18 Risiko og sårbarheit

ROS-analysen har hatt som formål å gje ei brei, overordna, representativ og vedtaksrelevant framstilling av risiko for tap av verdiar knytt til liv og helse, stabilitet og materielle verdiar for reguleringsplanområdet.

Planområdet framstår generelt, med dei tiltaka som er skildra og føresett følgt, som svært sårbart. Dette skyldast at planområdet er utsett for mange ulike farar og det føreset svært god oppfølging vidare.

Det er gjennomført ein innleiande fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering av dei tema som gjennom fareidentifikasjonen sto fram som relevante. Følgjande farar er vurderte:

1. Brann/eksplosjon (sprengstofflager)
2. Brann i bygningar og anlegg
3. Skred i bratt terreng
4. Områdestabilitet
5. Flaum i vassdrag
6. Ekstremnedbør
7. Skog-/lyngbrann (tørke)
8. Dambrot
9. Elektromagnetiske felt
10. Trafikktryggleik

Av desse farane stod området som svært sårbart for brann/eksplosjon i sprengstofflager. For denne hendinga er det utført ei hendingsbasert risikoanalyse. Ut i frå analysen er det stilt krav til risikoreduserande tiltak:

- Det kan ikkje etablerast verksemd som har samfunnskritisk funksjon eller kritisk infrastruktur i området
- Verksemd kan ikkje legge opp til at mange personar skal opphalde seg i området
- Det må gjennomførast kvantitative risikoanalysar, som dokumenterer at risikonivået er akseptabelt så lenge sprengstofflageret er aktivt

Det er òg, gjennom fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderinga, identifisert tiltak som det ut frå samfunnstryggleiksomsyn er naudsynt å gjennomføre for å unngå å bygge sårbarheit inn i området.

Tiltaka er samanfatta i kap. 6.18.1 og innarbeid i planframlegget.

6.18.1 Oversikt over sårbarheits- og risikoreduserande tiltak

Fare	Sårbarheits- og risikoreduserande tiltak
Brann/eksplosjon, utslepp av farleg stoff, akutt forureining	<ul style="list-style-type: none">- Det kan ikkje etablerast verksemd som har samfunnskritisk funksjon eller kritisk infrastruktur i området- Verksemd kan ikkje legge opp til at mange personar skal opphalde seg i området- Det må gjennomførast kvantitative risikoanalysar som dokumenterer at risikonivået er akseptabelt så lenge sprengstofflageret er aktivt
Skred i bratt terreng	Det må ikkje etablerast bygg i faresoner med årleg sannsyn høgare enn tillatt sikkerheitsklasse.
Flaum i vassdrag	Tiltak frå flaumfarevurderinga må etterkommas og følgjast opp vidare i detaljering og at tiltak som etablerast oppfyll krav i TEK 17. Dette gjelder og erosjonssikring.
Vind-/ ekstremnedbør	Rammeplan for OVA må leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering innafor planområdet.

Skog-/lyngbrann (tørke)	Skogbrannfare må vurderast i anleggsfasens SHA-plan.
Dambrot	Bygg må ikkje etablerast i område som vert påverka av dambrotsbølge.
VA-anlegg/-leidningsnett	Eksisterande VA-anlegg/-leidningsnett må takast omsyn til.
Elektromagnetiske felt	Tiltak i planområdet må så langt som praktisk mogeleg plasserast lengst mogleg bort frå kraftlinjene i planområdet. Dette må leggjast til grunn for vidare detaljprosjektering innafor planområdet.
Sløkkevatn for brannvesenet	Ved gjennomføring av tiltak i utbyggingsområde er det føresett at krav i TEK17 § 11-17 er ivareteke. Planen legg ikkje til rette for avvik/fråvik.
Trafikktryggleik	Avkøyringar og veg må utformast i tråd med Statens vegvesens krav til utforming.

Det må understrekast at ei endring av utbygging og etablering av ny/endra type formål som ikkje er i samsvar med dagens planar i området, vil kunne medføre behov for ei ny ROS-vurdering av området.

6.19 Krav til tryggleik i plan- og bygningslova

Det er føresegn § 28-1 i pbl som fastsett krav til tryggleik for bygging på grunn, i høve fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- eller miljøtilhøve. Dette er konkretisert gjennom byggteknisk forskrift.

Dette planframlegget har identifisert både faktiske og potensielle farar og/eller vesentlege ulemper som følgje av natur- eller miljøtilhøve, innanfor planområdet. Planframlegget gjev eit opplyst og godt grunnlag for å gjennomføre tiltak innanfor dei definerte rammene, i samsvar med planføresegnene og gjeldande myndigheitskrav.

6.20 Naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belastning m.m.).

Formålsparagrafen (§1) i lova har slik ordlyd:

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Det går fram av § 8 første leidd i naturmangfaldslova at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitenskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Kunnskapsgrunnlaget bygger i hovudsak på informasjon som er tilgjengeleg i nasjonale databasar, opplysningar frå Luster kommune og uttaler til varsel om oppstart av planarbeidet. Området er avsett til utbyggingsføre mål og LNF i overordna i plan. Det er ikkje kome fram informasjon om at det er naudsynt å gjere tilleggsvurderingar/registreringar gjennom dette planarbeidet.

Det har ikkje kome fram informasjon som inneber at det bør innarbeidast avbøtande tiltak for å unngå mogleg skade på naturmangfaldet, jf. § 9 i naturmangfaldslova. Dette spørsmålet må også kommunen vurdere nærmare når uttale frå statlege styresmakter ligg føre.

Det er ikkje avdekt omsyn gjennom planarbeidet som inneber at det bør stillast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar etter § 12 i naturmangfaldlova.


Vedlegg A: Merknader til varsel om oppstart av planarbeidet

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort 28.11.2020 i Sogn Avis, samt på nettsida til Luster kommune. Varselbrev vart også sendt til naboar og offentlege etatar. Innspelsfrist vart sett til 11.01.2021. Det kom inn 6 innspel/merknadar til varsel om oppstart av planarbeidet. Alle innspel og merknadar er samanfatta og kommentert i tabellen nedanfor.

Nr.	Dato	Innspel og merknadar	Kommentar
Innspel frå offentlege etatar			
1	08.01.2021	<p>NVE</p> <p>Har ikkje kjennskap til eventuelle tidlegare farekartleggingar i planområdet. Område med reell naturfare må kartleggast og gå fram av plankartet med omsynssone, samt ha tilhøyrande føresegn som sikrar akseptable tryggleik før utbygging kan finne stad.</p> <p>Området ligg under marin grense med middels til stort sannsyn for samanhengande førekomst av marin leire. Fare for områdeskred av kvikkleire må vere eit tema i ROS-analysen.</p> <p>NVE har elles ein del generelle innspel til planarbeidet.</p> <p>Har gjeve eit generelt innspel til planoppstart der det vert synt til deira rettleiar for reguleringsplan, nettsider for arealplanlegging og arealinformasjon i kartløyisingane til NVE.</p>	<p>Det er gjennomført skredkartlegging og flaumfarevurdering. Det er også gjort ei vurdering av geotekniske tilhøve. Omsynssoner og tilhøyrande føresegner er innarbeidd i planframlegget.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning.</p>
2	09.01.2021	<p>Statkraft</p> <p>Har ingen direkte merknader, men syner til deira brev til NVE i samband med konsesjonssøknad for Leirdøla transformatorstasjon. Dei informerte i dette brevet om vurderingar/undersøkingar som er igangsatt vedrørande muligheiter for å forbetre tilhøva for fisk i Jostedøla med sideelvene Langdøla og Fonndøla.</p>	<p>Innspelet vert teke til orientering.</p>
3	11.01.2021	<p>Statsforvaltaren</p> <p>Syner til sitt generelle skriv med merknader til oppstart av reguleringsarbeid. Aktuelle tema kan til dømes vera naturmangfald, friluftsliv, vassdrag, landskap/estetikk og landbruk.</p> <p><u>Merknader til oppstartsvarselet</u></p> <p>Planområdet grensar til Jostedøla over ei lang strekning. Statsforvaltaren i Vestland legg til grunn at det ikkje vert lagt opp til nye inngrep i det same vassdragsbeltet mellom vegen og elva og at dette</p>	<p>Innspelet vert teke til orientering.</p> <p>Innspelet vert teke til orientering.</p>

	<p>vert regulert til grøntføremål med vekt på å sikre kantvegetasjon.</p> <p>Ved Langdøla er det registrert ein naturtypelokalitet med B-verdi (viktig) – Langdølsilet, nedre. SFVL føreset at det ikkje vert gjort inngrep i lokaliteten.</p> <p>Dei tilrår at vassdraga i området vert regulert til grøntføremål. Kantvegetasjon bør sikrast gjennom føresegnene.</p> <p>SFVL føreset at det vert lagt på løysingar som sikrar naturverdiar, vassdragsmiljø og landskap og at det vert lagt inn krav om avbøtande tiltak.</p> <p>Syner generelt til krav om ROS-analyse og krav til denne.</p> <p><u>Merknader til planprogrammet</u> Dei føreset at planprogrammet vert utarbeidd i samsvar med § 14 i KU-forskrifta.</p> <p>SFVL har fleire merknader til planprogrammet. Oppsummert omhandlar desse:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skilje mellom miljø og samfunnstema - Konsekvensar av omgjerding av LNF-område - Naturmiljøtema bør inngå i konsekvensutgreiing, med vassmiljø som deltema. - Bør ha ei breiare tilnærming til klimapåverknad og heller kalle tema ureining. - Eventuelle utbyggingsalternativ skal skildrast i planprogrammet - Manglar skildring av metoden for konsekvensutgreiinga i planprogrammet. Tilrår at ein tek utgangspunkt i metodikk frå SVV handbok V712. - Syner til krav som framgår av kapittel 5 i KU-forskrifta, og at det vert vurdert tilpassingar og avbøtande tiltak jf. § 23. <p><u>Medverknad og digital presentasjon</u> Dei tilrår at kommunen legg planen ut på internettkartet ved offentleg ettersyn. Oppmodar kommunen til å senda SOSI-fil av planen til kartverket ved høyringa av planframlegget.</p>	<p>Det vert ikkje lagt opp til å gjere inngrep som direkte eller indirekte vil råke lokaliteten.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Planprogrammet er oppdatert etter høyringsperioden, jf. merknader.</p>
--	--	---

4	12.01.2021	<p>Vestland fylkeskommune</p> <p><u>Klima og energi</u> Det bør veljast løysingar som er mest mogleg gunstig for klima. Ein bør vurdere energibruk, materialval og effektivisering i bygge- og driftsfase.</p> <p><u>Kulturminne og kulturmiljø</u> Dei har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Det har vore gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i delar av planområdet. Det vart ikkje gjort funn og potensialet for nye funn vurdert som lågt.</p> <p>Ber om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk.</p> <p><u>Samferdsel</u> Avventar uttale på trafikale tilhøve til knytt fylkesvegen inntil det kjem ein detaljert plan.</p> <p><u>Vassforvalting</u> I alle planar må ein vurdere om planen kan ha innverknad på vassførekomst i eller i tilknytning til planområdet. Informasjonen i vann-nett skal vere ein del av vurderingane i alle framlegg til reguleringsplanar.</p> <p>Vassforskrifta tillèt ikkje ny arealbruk som gjer tilstanden av vassførekomst dårlegare. Det kan under visse vilkår gjerast unntak i tråd med § 12. Vilkåra i § 12 må vere oppfylt før eit eventuelt løyve til å gjennomføre tiltaket etter sektorlovverket kan verte gjeve.</p>	<p>Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning. Føresegn som sikrar at unngår inngrep i kulturlandskapstrekk vert innarbeida i føresegnene.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning.</p> <p>Innspelet vert teke til etterretning.</p>
Innspel frå private			
1	08.01.2021	<p>Jan Edvardsen</p> <p>Er grunneigar av g/bnr. 88/5 og 88/30. Syner til at området i hovudsak består av grusmassar, der delar av dei er registrert i databasen til NGU. Desse utgjer ein viktig ressurs med inntektsmulighet, og bør utnyttast før areala evt vert teken i bruk til andre føremål. Det må i reguleringsplanen inngå ein plan for korleis massane skal utvinnast.</p>	<p>Det er gjort ei verdivurdering av grusmassane som del av planarbeidet. For hovuddelen av 88/5 vil eit uttak av massar ned til vegnivå ikkje svare seg når en set inntektsmoglegheiter opp mot etablering og driftskostnader. For grusryggen på g/bnr. 88/30 og delar av 88/5, er det lagt til grunn at det skal takast ut massar før området eventuelt kan nyttast til næring/industri.</p>

2	11.01.2021	<p>Tom Martin Røneid Bjelle</p> <p>Ser det som tenleg å utvide planområdet på g/bnr. 88/2, oppsida av fylkesvegen frå grensa til Statnett sitt gamle koplingsanlegg og i retning sentrum, eit areal på ca. 20 daa.</p> <p>Det kan vere aktuelt å først utvinne sanden/morenemassane, og at arealet seinare kan nyttast til tomteføremål t.d. kraftkrevjande industri. Det er vegrett over Statnett sin eigedom på framsida av elva, og inn i det aktuelle området.</p> 	<p>Arealet ligg utanfor varsla planområdet. Det er ikkje vurdert aktuelt å inkludere dette arealet i planarbeidet, og det må difor vurderast til dømes i samband med kommuneplanarbeid.</p>
---	------------	---	---